

# HYRDINGEN



NR. 1

Mars 2021

ÅRGANG 63

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

*God påske!*

Presten har ordet	2	Juletreff ute	7	Konfirmasjonane utsett	12
Redaksjonspennen	3	Fasteaksjonen digital	7	Frå kyrkjeboka	12
Min song	3	Supre konfirmantar	8	Støtteannonser	13
Påska – bakgrunn	4	Plan E blei gjennomført	9	Gudstenestelista	14
Alternative gudstenester	5	Bålpannegudsteneste	10	Møte og arrangement	15
Årsmøtetid	6	Aktiv speidargruppe i Vats	11	Synfaring på kyrkjene	16



#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og  
Vipps-nr. 53 14 72  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Layout/trykk: Omega Design AS

#### SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

#### Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

#### Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Vikar: Prostiprest Einar Andreassen  
Mobil 971 08 788

e-post: ea256@kirken.no  
Kontortid: Etter avtale

#### Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde  
Vikedal kyrkjekontor

Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal  
Tlf. 970 38 011

tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no

Kontortid tysdag–fredag 9–15

#### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### Organistar:

Juri Kotkovich: 416 46 183  
Nelly Kotkovich: 948 23 044

#### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

#### Kyrkjevevja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

#### Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen  
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik  
Sandeid: Ragnvald Stople  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

## Presten har ordet

Tsegayesus H. Hunde, sokneprest



## Den nye pakta

«Sjå, eg gjer noko nytt.  
No spirer det fram.»

Jesaja 43,19

Vi høyrer ofte om Ordet: «nye, nytt eller ny» i den verda. Nye tiltak, ny lov, ny veg, ny regjering.

I teksten seier Gud «Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram.» Det er alltid godt med noko nytt.

Noko nytt! Noko aldeles nytt! Og altså ikkje berre ei forandring til det betre av det gamle. Som nokon hevdar: Før kunne vi ikkje halda og oppfylle lova, men no - no kan vi det, ved den krafta som evangeliet gir. Ved den krafta som vi får hos den Hellige Ånd. Nei, seier Guds ord! Du har høyrte kva Jesus sa?: «Ingen riv ein lapp av eit nytt klesplagg og set han på eit gammalt. Elles riv han òg det nye i stykker, og lappen av det nye passar ikkje til det gamle.» (Luk. 5,36).

Gud, gjennom Jesus Kristus herren vår, stifta ei ny pakt. Ny pakt som gjer med oss at vi gløymmer det gamle. Ei pakt som ikkje avhang av om du oppfylte, men om Han gjorde det. Den nye pakta - som Han gir deg del i - er jo ikkje eit krav til deg, men eit løfte! Og då ikkje eit løfte om noko som ein gong skal oppfyllast, men ei forsikring om at det alt er oppfylt! Lekamen hans er gitt for oss, og Hans blod er utaust til syndenes forlating. Det er!

Guds kraft kan skapa noko nytt!! Alt som vi ser i dag fekk livet frå Gud, skaparen. Tenk, Paulus, han som hadde vore fiende til Guds rike og Jesu disiplar. Jesus gjorde noko nytt då han møte Paulus ved Damaskus. Gud skapte noko nytt i livet hans.

Paulus som var ute for å angripa Jesu disiplar, vart sjølv disippel. Guds kraft kan forandra menneske! Dette treng vi!! No skal vi snart feira Påske. Påske handlar om det Gud har gjort for oss gjennom Jesus Kristus for etablera den nye pakta som gjeld i dag.

For oss påske er ei viktig feiring som minner oss om Jesu liding, død og oppstandelse.

Det finst mange som prøver å komma til Gud gjennom den gamle vegen. Med pengane sine, eigedom, og med rettferda si føre Gud.

Det er ikkje du som ved Guds hjelp og støtte skal laga deg nokon veg til himmel og salighet, men du har fått vegen heilt fram! Han har gitt deg vegen! Alt er gjort ferdig.

Vi har ikkje gjort nokon ting eller bidratt til den nye vegen. Dette gjorde Jesus åleine. Det nye livet som Herren har skapt gjennom den nye pakta, er full av kjærleik! Derfor har han utfordra oss til å elska kvarandre. Kjærleiken som Herren har til dei andre!! Elsa nesten din! Heile kristendommen er jo bygd opp på ein basis som heiter kjærleiks - agape - ubetinga kjærleik (unconditional love). Kjærleiken er vår identitet. Jesus sa: «Ved dette skal alle forstå at de er disiplane mine: At de har kjærleik til kvarandre.»

Husk på at det som gjeld i dag er den nye pakta, ikkje den gamle. Det er det som kyrkja forkynner.

Vi som før var langt borte, vi er komne nær. Men ved kva? Jo, i Kristus Jesus, ved Kristi blod! Altså ikkje ved vårt eige, men ved Hans!

## Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

Har du sakna å få gå til kyrkje? Vi vonar at vi snart kan samlast som vi er vane med, på søndagar, i høgtider, i glede og i sorg. Det positive er at svært mange nyttar seg av dei digitale tilboda som kyrkjene har fått til. Ein statistikk Kari Vik Stuhaug har sendt til Hyrdingen syner at mange følgjer med på det som skjer digitalt.

– Merk t.d. minikonsert frå Ølen, med over 5000 visningar, skriv Kari. – Omlag 500 såg konserten heilt til slutt. Ei stufull kyrkja det! Digital julaftangudsteneste vart vist 2178 gonger.

Og prestane har funne på mange nye måtar å nå folk med ordet. Mini-gudstenester i serie, der frammetet var innafor grensene. Bålpannegudstenester eller ljosomesse ute. Digitale konsertar og andaktar. Kon irmasjonsundervisning i kohortar.

Dette har vore nyttig og gjeve kyrkjelydane nye idear og kunnskap. Eg trur ikkje dette vil ta slutt når vi sigrar over viruset, sjølv om det er veldig godt å koma saman og få dela tankar og opplevingar andlet til andlet, eller sitja stille i kyrkjerommet og lytta til ord og tonar. Vi har teke eit steg vidare. Mange ynskjer å ta imot bodskapen der dei er akkurat nå.

Vi går inn i påskeveka. Nokre stader vert det gudstenester i friluft. Andre stader påmelding og god avstand. Likevel. Ta tid til å lytta til ordet om Jesus i denne viktige kyrkjelege høgtida som du kan lesa meir om bakgrunn og gjennombrøt for på side 4.

God påske.

Støtt kyrkjebladet med bladpengar. Giro vedlagt i bladet.

## Min song – Ingen vinner frem

Av Sunniva Tveit Gregersen

Då redaksjonen i Hyrdingen utfordra meg til å skrive om ein song eg er glad i, visste eg snart kva song eg skulle velje. Salmen "Ingen vinner frem" (nr. 113 i Norsk Salmebok) har fulgt meg i mange år, og eg er glad i både melodien og teksten. Når eg er bedt om å synge i ulike samanhengar, har valet ofte falt på akkurat denne songen.

Salmen er skriven av den svenske presten Lars Linderot i 1798, og i Noreg bruker me ei folketone frå Hallingdal.

Dei fyrste to versa i salmen synes eg er brutale, og dei minner meg om ei frykt eg trur mange kan kjenne på. Vegen til Gud er trang og smal, og ein må kjempe med all makt for å kome inn. I Lukas 13, 24 kan me lese at Jesus seier: "Strid alt de kan for å koma inn gjennom den tronge døra! Mange, seier eg dykk, skal freista å koma inn,

1 Ingen vinner frem til den evige ro som seg ei veldig fremtrenger. Sjelen den må utstå en kamp for den tro hvorav vår salighet henger. Porten kalles trang og veien heter smal. Dog kan Herrens nåde åpne himlens sal. Kjemp da alvorlig, treng fremad med makt, om du vil himmerik vinne!

2 Meget vil deg hindre, min sjel, stå i mot. Satan ei nåden deg unner. Treng deg gjennom alt som vil stanse din fot, verg deg i fristelsens stunder! Intet vil deg gagne hele verdens prakt dersom den får sjelen fanget i sin makt, Hør hva han sier som døde for deg: Strid i Guds kraft for din krone!

Sunniva Tveit Gregersen kjem frå Vikebygd, men bur nå i Skjold. Ho er gift med Asgeir, mor til Ådne Johan og jobbar i Etne Vindafjord barnevernteneste. Sunniva er med i soknerådet til Skjold og Vikebygd, der ho nå er vald til leiar. Ho er elles aktiv i kyrkja i Vikebygd og i Skjold, og bidrar med song når ho får sjans til det, både solo og i songgrupper.

men ikkje greia det." Klarer eg å leve livet mitt på ein slik måte at eg er verdig å kome inn? Ofte trur eg ikkje det, og eg er skuldig å både vonde handlingar og tankar.

Det siste verset gir likevel håp. "Treng deg til hans hjerte inn med all din makt, han i nåde rekker deg din bryllupsdrakt." Det er ikkje meg og mine gjeringar som kan opne vegen til Gud, det er berre gjennom nåden frå Jesus. Verdas største og beste gåve – given for deg og meg! I Efesarane 2, 8 står det "For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjeringar, så ingen skal rosa seg."

Susanne Sundfør har ein vakker versjon av salmen. Om du ikkje har høyrte denne, anbefaler eg deg å finne han fram, og å nyte både songen og nådegåva du har fått frå Gud!

3 Jesus i ditt hjerte er alle ting verd, selv er han himmeriks rike. Derfor gjør med Jesus din daglige ferd, aldri vil han fra deg vike! Treng deg til hans hjerte inn med all din makt, han i nåde rekker deg din bryllupsdrakt. Hør hva han sier: Bruk tålmod, o sjel, så skal du himmerik vinne!





Harald Eintveit talar på konfirmasjonsleir i 2016 på garden Eintveit, saman med Jon Arne Markhus (trekkspel) og Andreas Rosså (mandolin).

## Påska – bakgrunn og gjennombrøt

Av Harald Eintveit

**Påskefeiringa har truleg teke til på nomadestadiet i Israels historie. Kvar vår etter at sauene hadde lamma, skulle det på fullmånenatta under den såkalla vårfesten ofrast til Gud av det beste dei hadde: Eit lytelaut vêrlam.**

### Naturfest

Festen, som eigentleg var ein naturfest avdi han minna om det fundamentale natur- og livsgrunnlaget for nomadane: husdyrhaldet, skulle ikkje berre vera uttrykk for takksemd for den talrike lammeflokken. Fyrst og fremst var festen uttrykk for ynsket om å tilfredsstilla demonar og vondemakter som nettopp på fullmånenatta skulle vera særskilt fârlege for menneske og dyr. Ved å ofra på denne måten, reduserte ein dermed fâren for at resten av buskapen vart råka.

### «Forbiferd»

Seinare då Herren hadde vorte Israels Gud, vart festen som minnefest sett i relasjon til Han fordi han hadde ført Israelsfolket ut or trældomens og tragediens tronge kår og vilkår i Egypt (2. Mos.12). Festopplegget var det same som før. Ein slakta eit lam i kvar familie og smurde blodet på dørstolpane til ytterdøra. Om natta når så Herren gjekk gjennom landet for å slå i hel den fyrstefødde i kvart hus, sparde han liv i og gjekk forbi huset der det var stroke blod på dørstolpane. Egypt-

tarane vart heimsøkte, medan israelittane kunne så å seia uhindra dra ut or landet.

Med dette har me også bakgrunnen for forståinga av ordet «påske» som er synonymt med det hebraiske «pesach» og det latinske og greske «pascha» som tyder «forbiferd».

### Påskepraksis

Ved kultussentraliseringa i året 622 f. Kr. vart det vedteke at festen skulle feirast i tempelet i Jerusalem (5. Mos. 16ff). Etter ei tid vart praksis den at slaktinga av lammet gjekk føre seg i forgarden til tempelet og sjølve måltidet var lagt til heimane. Truleg slik feira dei påska på Jesu tid og kanskje var Jesu siste samvere med læresveinane prega av denne praksisen.

For jødar som budde i diasporaen (gresk ord, brukt om jødar som budde utanfor Palestina), var det vanskeleg å koma til Jerusalem kvart år. For desse måtte festens offerkarakter snart gjevast opp og feiringa vart dermed avgrensa til samlinga i heimane. Etter tempelets fall og øydelegging i år 70 e. Kr. vart dette den vanlege praksisen i heile den jødiske verda.

I den kristne kyrkja heldt dei jøde-kristne kyrkjelydane påskefest- tradisjonen ved like, men om den no, i og med Jesu Kristi soningsverk og oppstode, hadde fått nytt innhald, er visst noko usikkert. Dei heidninge-

kristne vraka den jødiske festen, men kva tid dei i staden tok til å feira minnet om Jesu lidning, død og oppstode, er òg noko uvisst.

### Nikeamøtet avgjorde

I urkyrkja vart det ført eit temmeleg hardt ordskitte om det rette tidspunktet for festen. Lilleasiakyrkjelydane gjekk inn for den 14. nisan (i fylgje Johs. ev. Jesu dødsdag) og dermed altså uavhengig av kva vekedag denne fall på. I t.d. Rom var det vanleg å leggja påskefesten til ein søndag. Den romerske bispen Victor (189–199) hevda sitt syn så sterkt at han til og med ekskommuniserte lilleasiatane. På kyrkjemøtet i Nikea i året 325 vart det endeleg avgjort: Påskefesten og minnefesten for Jesu oppstode skulle haldast på den fyrste søndag etter fullmåne etter vårjamndøger (21. mars).

Etter Nikea-møtet stod Jesu oppstode i sentrum for feiringa. Likevel ser det ut til at det i byrjinga vart halde to festar: den eine, sørgjefesten, til minne om Jesu lidning og død; den andre, gledes- og jubelfesten for hans sigerfulle oppstode. Etter kvart vart desse to høgtidene slått saman der påskefeiringas grunntone og gjennomgangstema var som den gresk-katolske kyrkja sitt helsingord er det i dag på påskemorgon: «Kristus er oppstaden» med svarordet: «Ja, han er sanneleg oppstaden!»

## Korps og faklar erstatta lysmessa

Av Steinar Skartland

Det var planlagt med tradisjonell lysmesse i Vikebygd kyrkje i desember. Korona-restriksjonar førte til forbod mot større samlingar, også i kyrkjene. Lysmessa måtte avlysast, men kateket og sokneråd valde ei alternativ løysing saman med korpset og konfirmantar.

Kateket Britt Karstensen hadde med seg konfirmantane frå Vikebygd og korpset frå Skjold. Då klokka nærma seg 17 på ettermiddagen, ringde Brit Nelly Ness Tveit med kyrkjeklokkene, som til ei vanleg gudsteneste. Ljosa var tende inne i kyrkja, og utanfor var det ljøs på juletreet som var sett opp ved minnestøtta. Her stod korpset og spela julemusikk og konfirmantane deltok med song og faklar.

Etter omlag 20 minuttar med musikk, song og appell frå kateketen, som minna om kva dag 2. søndag i advent



Korps og konfirmantar laga lysmesse utanfor kyrkja i Vikebygd

er, og om Jesus som julefeiringa markerer, så starta konfirmantane eit fakkeltog. Ned mot kaien, langs Plassavegen, opp til aldersbustadane og deretter til bedehuset. Me takkar dei alle for ljøs i adventstida.

### Opne kyrkjer med mini-gudstenester

Rett før jul hadde Skjold, Vats og Vikebygd «Opne kyrkjer.» Starten var 21.12. i Vikebygd frå kl. 17–19. Neste dag i Vats frå kl.16–18 og i Skjold frå kl.18–20. Her vart halde minigudstenester kvar heil og halv time. Julemusikk, jule-



## Digital adventskonsert i Vikebygd



Av redaktøren, etter tekst frå Kjersti Bjerga

Det var planlagt adventssongsamling i kyrkja, som erstatning for julekonserten og i eit samarbeid mellom bedehus og

kyrkje. I år måtte dette gå ut, men er erstatta av ein digital konsert.

### Adventssong og digital konsert

«Adventssong» som skulle vore i kyrkja, vart avlyst. I staden for fekk dei til ei lita helsing frå bedehuset og ei oppfordring til å støtta Kirkens Bymisjon Haugalandet med Vipps-gåve, slik det har vore vanleg på julekonsertane dei siste åra. Dette for å hjelpa deira gode gjerning som ei julegåve til arbeidet Kirkens Bymisjon gjer for folk i ei vanskeleg tid.

Ingrid Mathilde Sørvåg las i filmen frå

evangeliet, song av «Deilig er jorden» før prostiprest Einar Andreassen lyste velsigninga. Utanfor stod speidarane med bålpanne og gløgg til dei som venta på tur, då det var avgrensa kor mange som kunne delta kvar gong. I Skjold starta det heile med korpsmusikk. Frå Vikebygd vart den eine gudstenesta overført direkte på Facebook.

### Digitale julegudstenester

Dei som i jula kikka innom kyrkjene i Vindafjord sine Facebook-sider kunne få med seg julegudsteneste, sett saman av opptak i kyrkjene i Vikedal, Ølen, Vats og Skjold. Her hadde sokneprestane, Tsegayesus Hurisa Hunde, Einar Andreassen og Kari Vik Stuhaug, liturgi og preike over bibelteksten. Organist Juri Kotkovitch spela til julesongar med solistar og forsongarar. Salmetekstane kom opp på skjermen så dei som ville syngja med heimanfrå, kunne det. Skjold Korps deltok også med musikk. På julaften ringde kyrkjeklokkene jula inn til vanleg tid. Film og redigering stod Svein Egil Økland for.

Jostein Ørum si adventsbok: «Mitt Umulige Barn». Musikk stod Arne Tveit for, til song av Lene Bjerga, Lina Fisk Eide og Inger Karlsen Gåsaldalen. Opptak og redigering tok Jone og Kjersti Bjerga seg av. Eit flott initiativ. Mange både såg konserten på internett og ga gode tilbakemeldingar.

### Kyrkjekonsert på Facebook

I kyrkjene vart gjennomført små, men profesjonelle konsertar. Desse vart tekne opp med profesjonell lyd og bilde. Folk kunne sjå konsertane gjennom lang tid på kyrkjene sine Facebook-sider.

# Årsmøtetid – korleis er stoda for kyrkjer og bedehus?

Av Trygve Sandvik

Månadene frå jul til påske er årsmøtetid for bedehus og kyrkjer så vel som for lag og foreiningar. Men korleis har koronapandemien gjort seg gjeldande for året 2020 når det gjeld dei mange bedehusa og sokneråda i kommunen?

Hyrdingen har hatt ein ringerunde (17.–19. februar) rundt omkring i bygdene til dei fleste bedehusa/sokneråda og snakka med leiaren eller styreprerentant der det har vore stilt følgjande spørsmål:

1. Har de fastsett noko årsmøte for 2020, og når vert dette?
2. Har det vore halde noko møte eller arrangement inne eller ute sidan mars 2020?
3. Korleis har det gått med inntektsgrunnlaget, viser rekneskapen underskot og i så fall har bedehuset/soknerådet midlar til å dekkja dette?

Når det gjeld spørsmål 1 har alle svara at dei skal ha årsmøte. Fleire har planlagt datoen i mars, andre har ikkje kome så langt at dei har tenkt på det enno. For eit par bedehus har dei ikkje halde årsmøte for 2019 ettersom koronarestriksjonane gjorde det vanskeleg å få til noko årsmøte seinare enn mars 2020.

Men felles for alle er at dei avventar situasjonen for nye retningslinjer med omsyn til samling i kyrkjer og bedehus. For sokneråda vil nok årsmøta koma når det vert opna for vanleg gudsteneste. Grensa på 10 personar for kyrkjer og store bedehus har verka uforståande for mange særleg på basis av at grensa går på om stolane er fastmonterte eller ikkje.

For spørsmål 2 er svara meir varierte. Generelt har aktiviteten på bedehusa naturleg nok vore mindre, og store arrangement har vorte avlyste. Men styremøte og bønne møte har stort sett gått etter planen sjølv om det er nokre bedehusstyre som har hatt svært få møte. Så lenge grensa for samlingar var inntil 20 personar, kunne dei mindre bedehusa halda møte



Bjoa bedehus (ill. foto)

ettersom det til vanleg ikkje var fleire som kom på møte. Men for basarar vart det eit problem, her kunne folk i noko større mengder enn 20 samlast på bedehuset, og dermed var det svært mange som sløyfa den eller dei årlege basarane. To bedehus ordna seg på annan måte. På Ersland skipa bedehusstyret til «alternativ basar», og der stod styret for å skaffa gevinstar, skriva nummer og ta seg av utlodning og utlevering, utan at det var noko oppsamling av folk i huset. På Bjoa gjorde dei det på same måten og fekk inn saman med gaver bortimot den same summen som tidlegare.

Juletreffestane som i Vindafjord har hatt god oppslutnad, måtte avlystast, men Ersland bedehusstyre arrangerte juletreffest ute, noko du kan lesa om annan stad i dette bladet.

I kyrkjene har gudstenestene vore avlyste i dei siste månadene. Då har det vore godt at ein har kunna nytta seg av gudstenestene gjennom fjernsynet.

Inntektsgrunnlaget har ikkje uventa skrumpa inn. Dei viktigaste inntektene for bedehusa er kollektar, overskot på arrangement, basarar og utleige. Når arrangement og samkome vert avlyst, fell inntektsgrunnlaget bort. Særleg har dette gått ut over dei store

bedehusa. Isvik bedehus kan vera eit døme på dette. Men det er og dei som har hatt ein del utleige som tidlegare, og dei har ikkje merka så mykje av inntektssvikten. Dei som kanskje har hatt største tapet, er misjonsorganisasjonane som har fått mykje mindre i offer ettersom frammetet har vore mindre eller arrangementet har vore avlyst. Dette gjeld både på bedehusa og i kyrkjene.

Når det gjeld spørsmålet om å dekkja eit eventuelt underskot, har alle som er spurde uttala at det er ikkje noko krise. Litt oppsparte midlar er det i alle «bedehuskassar» og sokneråd slik at dette er ikkje noko problem.

Som ei kort oppsummering sit ein att med det inntrykket at koronapandemien ikkje har vore «øydeleggjande» for den økonomiske drifta av bedehusa og sokneråda. Men når det gjeld arbeidet med å spreia Guds ord under nedstenginga, har det vore noko motgang med å nå ut til folk. Difor er det mange som no lengtar etter at kyrkje- og bedehusdørene vert opna på «vidt gap».

Vikebygd bedehus har fastsett sitt årsmøte til 25. mars kl. 20.00.

# Annleisåret 2020 Juletreffest 3. juledag – Ersland, Skjold

Av Anne-Margrete H. Gregersen

Den årlege juletreffesten på Ersland bedehus 3. juledag blei i år på alternativ måte. Utandørs i regn og vind, men det stoppa ikkje humøret på dei frammette. Med julesong, juletre, gløgg og godteposar vart det julestemning også i annleisåret 2020. Det var rett over 20 som deltok og aldersspennet var frå 3 månadar til 70 år. Til songane vart nytta høgtalar med musikk og forsongar. Dei frammette fekk servert gløgg og godteposar.

Om vêret ikkje var heilt på vår side, var stemninga god. Den tradisjonsrike juletreffesten som styret for Ersland bedehus arrangerte, vart gjennomført sjølv om det vart på ein annleis måte enn før. På Ersland tek me gjerne ein ny variant utandørs, om det blir nødvendig, så lenge me kler oss etter vêret og ser moglegheiter kan me løysa mykje på alternativ måte.



Styret for Ersland bedehus visste råd om koronaen kom i vege

# Fasteaksjonen 2021: Forandre – for andre



Foto: Kirkens Nødhjelp

700 born dør kvar dag av sjukdommar som kjem frå ureint vatn. Pandemien me no står i forverrar situasjonen, og det er dei svakaste som blir hardast ramma.

Pandemien har forandra verda, og me står overfor ei ny fattigdomskrise og svoltkrise. Dei mest sårbare blir ramma hardast og behova veks raskt. Den innsatsen Kirkens Nødhjelp gjer, blir meir og meir nødvendig.

Pengane som tidlegare har blitt samla inn til jul og fasteaksjonen var avgje-

rande for at ein kunne reagere raskt med Covid-19-innsats i 22 land. Kirkens Nødhjelp har nådd ut til over 2,4 millionar menneske sidan mars 2020. Dette inkluderer hygieneopplæring i lokalmiljø i Libanon og Syria; å nå ut til folk med informasjon om smittevern på radio og i sosiale media i Palestina; å sikre at kvinner og barn som er sårbare for vald i heimen, kan venda seg til støtteapparat digitalt og mobile sakshandsamarar; eller at lokalsamfunn i konfliktherja Mali får tilgang til vatn, hygiene og sanitær under pandemien.

*Innsatsen er livsviktig og med dei midlane som blir samla inn, kan me gjere mykje meir.*

Me kan nok ikkje gje ei gåve i innsamlingsbøsser dette året heller, men det er fleire måtar me kan støtte på:

Me kan sende pengar:

- **Vipps:** Send bidraget ditt til **2426**
- **SMS:** Send kodeord **VANN** til **2426** (250 kr)

- Sett inn eit beløp på **gåvekontoen** vår: **1594 228 7493**. Merk gåva med «Fasteaksjonen».

Me kan også gå inn på nettsida **www.fasteaksjonen.no**, her kan me registrera oss og bli faste givarar og me kan skrive under på underskriftskampanjen til Kirkens Nødhjelp. På denne nettsida kan me også følgje med på kor mykje som blir samla inn i Vindafjord og i kyrkjelydane.



Foto: Kirkens Nødhjelp

Seks barnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få tilgang til reint vatn, men nå som ho har fått det kan ho bruke mykje meir tid saman med borna sine.

# Super laurdag og supre konfirmantar

Av Ingrid Mathilde Sørvalg

Fyrst var det planlagt leir for alle konfirmantane i kommunen, så var det planlagt samling ein dag for alle konfirmantane. Til slutt enda det opp med Super-laurdag, fem timar om ettermiddagen den 20. februar i kyrkja i Skjold. Same opplegg vart det også i Vikedal og Ølen.

I Skjold samlast rundt 40 konfirmantar frå Skjold, Vats og Vikebygd, dei kunne vera i lag for dei tilhøyrer same kohort fem dagar i veka på skulen. Det var mykje som var annleis på denne «leiren»; konfirmantane blei møtt i døra med handsprifflaska og all servering blei utøvd av vaksne leiarar med munnbind på seg. Me er blitt gode på smittevern etter kvart, det må takast alvorleg.

Det var Britt Karstensen og Berit Listog som sto for planlegging av dagen, og det var med vaksne leiarar frå dei tre bygdene. Me starta dagen med trusvandring om dei ti boda, og om å gjera andre gode. Konfirmantane var delte inn i grupper, og det var seks stasjonar med ulike aktivitetar. Det handla både om å forklara boda, og om å «sortera» dei. På den eine stasjonen valde alle seg eit bod, skreiv det opp og limte det på ein stein. Den gylne regelen fekk også ein stasjon, «Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. For det er dette lova og



Samling om lyset (ei kort stund kunne dei sitja nære, dei som var i same kohort) (Foto: Gunnbjørg Nesbu)

profetane seier.» Matt 7, 12

Etter ein kort pause med frukt og kaker, var det tid for nye stasjonar. Då var det ein stasjon for det fyrste bodet, om kven som skal vera konge i livet vårt. Vidare var det ein stasjon om det andre bodet, om å vera bevisst på kva ord me bruker og korleis me snakkar til kvarandre. Ord om Gud representerer gode ting, og skal ikkje misbrukast i samband med det som er vondt.

Det tredje bodet handla om å halda kviledagen heilag, om at Gud veit mennesket treng ro og kvile og slik er det bodet ei gåvepakke frå Gud til oss. Ungdommane samlast på madrassar, lytta til musikk og kjende på at det er godt å vera roleg.

Treng me bod og reglar? Neste programpost var to aktivitetar: anarkiball og «å flytta ein fjord». Anarkiball var eit ballspel heilt utan reglar og med ein særdeles uføreseieleg dommar. «Å flytta ein fjord» var ein konkurranse med ulike vilkår og dårleg opplegg. Det blei rett og slett nokre svært sure konfirmantar! Heldigvis blei det heile avslutta med at det er nok fint at me har bod og reglar.

Etter ein matpause med pizza frå Knapphus, var det tid for liturgisk avslutning. Det var så godt å kunna samlast i kyrkjerommet! Britt Karstensen var liturg, Arne Tveit var organist og Sunniva Tveit Gregersen bidrog med song.



Mathilde Nesbu (Skjold) med oppgåver om dei 10 boda. (Foto: Britt Karstensen)



Gunnbjørg Nesbu med munnbind serverte kake og saft. (Foto: Britt Karstensen)



Praktiske oppgåver illustrerte bod og bibelord. Her skulle dei hjelpe ein som var invalid. (Foto: Gunnbjørg Nesbu)




«Det handlar om å ta vare på hjarta, også når me gjer val i livet vårt», sa sokneprest Kari til konfirmantane. (Foto: Harald Helberg)

## Plan E blei gjennomført!

Av Kari Vik Stuhaug, sokneprest

Me får god trening i omstilling og endring i planar i det kyrkjelege arbeidet under pandemien. Konfirmantane er tålmodige og godtek endringane utan protest. Når me talde etter viste det seg at det var plan E som blei gjennomført då konfirmantane var samla til «superlaurdag» i tre bygder laurdag 20. februar.

kjekke, som alltid, og frivillige gjorde ein strålende innsats. Me er veldig glade for at styresmaktene har gitt rom for at fritidsaktivitetar for barn og unge kan gjennomførast som vanleg, når det berre skjer på ein trygg måte. Og tryllekunstnaren Ruben Gazki har me fått avtale med fredag 28. mai. Me kryssar fingrane!



Med korset i sentrum då konfirmantane låg på matter rundt og kjende på kva det kan vera å halda kviledagen heilag. (Foto: Harald Helberg)

A) Leir på Solgry kunne me ikkje ha.

B) Felles samling for alle konfirmantane i Vindafjord på Skjold Arena gjekk heller ikkje.

C) Og tryllekunstnaren kunne ikkje koma frå Oslo-området der det var utbrot av mutert virus.

D) Fire dagar før det som skulle vera ein superlaurdag fekk me vita at 7 ½ time var for lang tid i saman på ein dag. Og dermed rauk filmen som me hadde lagt inn som erstatning for tryllekunstnaren.

E) Om det blei ein SUPERLØRDAG då? Det blei i alle fall fine samlingar med gode øvingar og refleksjonar rundt dei ti boda, pizza, lappar og andre godsaker. Konfirmantane var



Nysteikte lappar smakte godt for konfirmantane på Kyrkjetunet. Bord v.: Guro Pettersen, Helene Handeland. Bord 2 frå v.: Aaron Bwalya Herigstad, Lars Gjoran Økland, Marley Fryze, Oskar Dalaker Miljeteig, Daniel Berge Ljosnes, Odin Tvedt Haarde. (Foto: Harald Helberg)



Utegudsteneste ved Ølen kyrkje (Foto: Per S. Bukkholm)

## Bålpannegudsteneste i åtte minus

Av Kari Vik Stuhaug

**Vel tretti personar trassa kulden og møtte til bålpannegudsteneste like ved Ølen kyrkje søndag 7. februar.**

Det var 8–10 minusgrader då gudstenesta tok til kl. 12. Det litt uvanlege tidspunktet gjorde at sola så vidt rakk koma over kanten og senda sine stråler på alle som stod med vinterkler, luer og gode skor. Det passa fint på Kristi forklaringsdag. Misjonshelga som NMS skulle hatt på Kyrkjetunet, med samarbeid om gudstenesta søndag let seg ikkje gjennomføra pga. pandemien. Men mannsforeninga for NMS stilte med bålpanne og nybakt til kyrkjekaffien. Roar Vik frå NMS var med som forkynnar. Det var mange

månader sidan det hadde vore nattverdsgudsteneste i Ølen, og det blei høgt prioritert, og let seg gjennomføra med eingongsbeger og munnbind for prest og medutdelar. Før og etter gudstenesta var det mogeleg å sitja i kyrkjebenken – for maks 10 om gongen, og lytta til orgelmusikk.

Folk let vel og sette pris på tiltaket. Takk til Mannsforeninga som bidrog!

I Ølen kyrkje blei det også gjennomført to korte nattverdsgudstenester med maks 10 på kvar, søndag 21. februar. Dessverre glapp det ein stad i systemet for annonsering i avisene, men ein liten sms-runde laurdag kveld gav god respons.



Sokneprest Kari Vik Stuhaug (Foto: Britt Karstensen)



Nattverd. Liv Ingunn H. Medhaug og Kari Vik Stuhaug (Foto: Britt Karstensen)



Geistleg pølsegrilling etter gudstenesta (Foto: Britt Karstensen)



Småspeidaren i Vats på fjelltur. (Foto: Marianne Bakkevold Vassnes)

## Aktiv speidargruppe i Vats

Av Paul Rune Velde og Marianne Bakkevold Vassnes

**Storspeidaren i Vats er for dei mellom 6.–10. klasse. Som regel har me møte annakvar tysdag. Dei fleste møta våre har me ute i friluft, men i januar og februar held me til i kjellaren på Øvre Vats bedehus. Her har me også lageret vårt med friluftsutstyr. Me har mange ulike tema på møta, alt frå kanopadling, pionering, førstehjelp, kart og kompass. Me plar også ha overnattingsturar både vår og haust, og anna kvart år reiser me ei veke på leir.**

På grunn av Covid-19, har det vore redusert aktivitet det siste året. Me har tilpassa aktiviteten vår ut frå retningslinjene, og ei veke på leir sist sommar vart avlyst. Seinsommaren i fjor reiste me til Gullingen, og sykla innover til Blåsjø, der me overnatta i lavvo. Ein flott tur, med brøytekantar i august. Det kjem om lag 25 ungar på møta. I haust vart varden på Brennesteg flytta av dei eldste speidarane. Så langt i år har me hatt to møte. Det første var ei fin oppleving med utekino i skogen bak barnehagen i Vats. I 15 minus hadde me rigga oss opp i skogen med aggregat, videokanon og høgta-larar, der det vart servert popcorn og

kakao. Det andre møtet vårt var ein utruleg kjekk skitur til Stølshaugen i Aurdal med hovudlykter og grilling av pølser. Me håpar på å kunne avslutte speidaråret med padletur i Telemarkskanalen i juni.

### Småspeidaren i Vats

Småspeidaren i Vats er ein del av Vats KFUK-KFUM, og er eit tilbod for barn i 2.–5. klasse. Me er ein god gjeng på rundt 40 born som møtes i Blikra-bygda annakvar tirsdag. Her har me fått sett opp eit flott grindabygg som fungerer som base for aktivitetane våre. Me finn på mykje kjekt, og har mellom anna aktivitetar som og padla

i kano, hjortesafari, matlaging på bål, spikking, lage tarzan-løype og mange flotte turar i lokalmiljøet.

Kvart år pleier me å reise på speidarleir til Blikshavn på Karmøy. Då treff me omlag 400 andre småspeidarar frå Haugalandet, og borna får ein flott introduksjon til leirlivet. Det siste året har me hatt svært begrensa aktivitet, men me har likevel klart å få til nokre møter. I februar nytta me det flotte vinterværet og arrangerte akekveld på Eikesdal. Det var veldig moro! Nå håper me våren kan gjennomførast som planlagd, og ser fram til mange kjeke kveldar i lag!



Storspeidaren i Vats på Brennesteg. (Foto: Elisabeth S. Gregersen)

## Konfirmasjon 2021 er utsett til over sommaren

Informasjon frå kyrkjene i Vindafjord

På grunn av den usikre situasjonen rundt pandemien og vaksining har sokneråda i Vindafjord vedtatt å utsetja konfirmasjonsgudstjenestene til over sommaren.



(Økland Foto)

### Konfirmasjonsdatoane er fastsett slik:

Lørdag 21. august - Skjold

Søndag 22. august - Vikebygd

Lørdag 28. august - Vats

Søndag 29. august - Imsland

Søndag 5. september - Sandeid

Søndag 19. september - Vikedal

Lørdag 4. og søndag 5. september - Ølen

Lørdag 11. september - Bjoa

Så håpar me det ikkje blir som på biletet over.

Men konfirmasjonsundervisninga heldt på, med tilpassingar (les side 8).

## Påskevegen

Når Jesu veg skal stakast ut, ein æresgest frå kvinna gjeld. Dei fattige i sår og sut får trøyst og mot frå palmekveld. (Jmfr. Matt. 26,6-13)

Det skrid, det lid og sola glar. Med lengt eit måltid vert oppretta; i brød og vin me livet har. Den skjære torsdag avskil letta.

Så djup, det ingen skapning ser, er striden Jesus kjempa med. Han bøyer hovud, stilt han ber: Eg gjev, min Far, langfredagsfred!

Vår påskesol med stråleglans er Jesus Krist frå armods år. Forakta grovt av folkesans, men STØRST på påskedag han står!

Harald Eintveit

## STØTTEANNONSER

### GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

### Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**LUNDENESET VGS**  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

### Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

### Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

### GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

### Haugesund Sparebank

### BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

### Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)

### joker

#### Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

### Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

### Ølen auto

### tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

### SpareBank SR-BANK

## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypete	Døde
<b>Bjoa</b>		08.01.2021 Agnes Sandsgård f. 1938
<b>Sandeid</b>	29.11.2020 Åsmund Nesheim Hårde 29.11.2020 Lars Johan Skeie Bjørkhaug	19.11.2020 Ester Olivia Endresen f. 1923 11.02.2021 Knut Helgeland f. 1931
<b>Ølen</b>	01.11.2020 Johanne Risøy Ødegaard 01.11.2020 Elvira Matre Stople 15.11.2020 Nore Olai Gjendem Hovland 10.01.2021 Vilde Skogen Strand 21.02.2021 Marion Asheim Rørtveit	12.11.2020 Arne Totland f. 1936 20.11.2020 Sigrid Johanne Heggland f. 1937 02.12.2020 Ragnhild Windsand f. 1925 03.12.2020 Bertine Blikra f. 1927 17.01.2021 Karl Kristoffer Mannes f. 1927 12.02.2021 Linda Øvrevik f. 1979
<b>Skjold</b>	08.11.2020 Elina Medhaug Hjelmeland 08.11.2020 Maren Øvrevik Frøyland 08.11.2020 Jenny Eide 22.11.2020 Olav Teistedal Haraldseid 22.11.2020 Marie Tveit 22.11.2020 Emilie Risanger 22.11.2020 Liva Haraldseid	22.11.2020 Kristbjørg Alendal f. 1931 17.12.2020 Sigurd Johannes Haraldseid f. 1930 27.10.2020 Jorunn Elisabeth Nonslid f. 1940 30.01.2021 Astrid Margrete Løtvedt f. 1948
<b>Vikebygd</b>		29.10.2020 Kari Alne f. 1940
<b>Vats</b>	01.11.2020 Aksel Johannesen Olsen 01.11.2020 Marion Eikeland Nesheim 15.11.2020 Jarle Stokkedal Strand	02.11.2020 Jean Døvik f. 1940 02.12.2020 Margit Alvida Nesheim f. 1934 13.12.2020 Solveig Bertine Mjølhus f. 1928 24.12.2020 Birger Inge Duesund f. 1942 02.02.2021 Mons Kåre Duesund f. 1976 08.02.2021 Nils Frøland f. 1927
<b>Vikedal</b>		18.01.2021 Sofus Hundseid f. 1934 29.01.2021 Betty Hammarqvist f. 1933
<b>Imsland</b>	Ingen hendingar	

### Takk for di støtte til Hyrdingen

Økonomien var krevande for Hyrdingen i 2020. Nedgang i innbetaling av bladpengar og auke i kostnader med å trykke og sende ut bladet til alle husstandar, har dei siste åra ført til underskot. I 2020 både reduserte me utgifter der me kunne, og gjekk ned til 5 utgåver. Litt auke var det i støtteannonser. Slik klarte vi å få eit lite + i rekneskapen. Derfor takkar me alle dykk som bidrog, som annonsør, eller du som brukte giroen til «bladpengar» eller Vipps. Takk for offergåve frå kyrkjene og anna støtte. Og takk til alle som har sendt inn stoff om det som skjer i kyrkjelydane. Me vonar du vil bruka giroen me har lagt inn i dette bladet også (eller Vipps: 53 14 72).

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Informasjon – Sjå lokal kunngjering om endringar – vindafjord.kyrkjer.no	Preiketekst
21.03.2021	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste: Skattejaktgudsteneste Takkoffer	Luk 1,46-55
21.03.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste: Skattejaktgudsteneste Takkoffer	Luk 1,46-55
28.03.2021	Fjellstøl Skianlegg	11.00	Gudsteneste: Palmesøndagsgudsteneste Takkoffer	Matt 26,6-13
28.03.2021	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer: Indremisjonssamskipnaden	Matt 26,6-13
28.03.2021	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer: Arken	Matt 26,6-13
01.04.2021	Sandeid kyrkje	18.00	Høgtidsgudsteneste: Skjærtorsdagsgudsteneste med kveldsmåltid Takkoffer	Luk. 22,14-23
01.04.2021	Vats kyrkje	19.00	Gudstjeneste: Takkoffer: Stefanusalliansen	Luk. 22,14-23
01.04.2021	Ølen kyrkje	19.00	Gudsteneste: Takkoffer: Den Norske Israelsmisjon	Luk. 22,14-23
02.04.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste: Langfredagsgudsteneste Takkoffer	Luk.22,39-23,46
02.04.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudstjeneste: Takkoffer	Luk.22,39-23,46
04.04.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste: Påskedagsgudsteneste Takkoffer	Matt. 28,1-10
04.04.2021	Bjøa kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt. 28,1-10
04.04.2021	Skjold kyrkje	12.00	Høytidsgudstjeneste: Takkoffer	Matt.2 8,1-10
04.04.2021	Vikebygd kyrkje	17.00	Gudsteneste: Takkoffer	Matt. 28,1-10
04.04.2021	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste: Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt. 28,1-10
04.04.2021	Imsland kyrkje	18.00	Gudsteneste: Påskedagsgudsteneste Takkoffer	Matt. 28,1-10
11.04.2021	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Joh.21,15-19
11.04.2021	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Joh.21,15-19
11.04.2021	Skjold kyrkje	18.00	Gudsteneste: Takkoffer	Joh.21,15-19
18.04.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Joh.10,1-10
18.04.2021	Vikebygd kyrkje	18.00	Gudsteneste: Samtalegudsteneste? Takkoffer	Joh.10,1-10
22.04.2021	Imsland kyrkje	18.00	Gudsteneste: Samtalegudsteneste? Takkoffer	
25.04.2021	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste: Årsmøte Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh.13,30-35
25.04.2021	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh.13,30-35
25.04.2021	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Joh.13,30-35
02.05.2021	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Luk.13,18-21
02.05.2021	Bjøa kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk.13,18-21
02.05.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Luk.13,18-21
09.05.2021	Vikebygd kyrkje	11.00	Høytidsgudstjeneste: Takkoffer	Matt.7,7-12
09.05.2021	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Matt.7,7-12
09.05.2021	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste: Takkoffer: Kirkens SOS Rogaland	Matt.7,7-12
13.05.2021	Imsland kyrkje	11.00	Høgtidsgudsteneste: Kristi himmelfartsdag Takkoffer	Luk.24,46-53
16.05.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Sak.14,6-9
17.05.2021	Imsland kyrkje	10.00	Gudsteneste: Takkoffer	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Vikebygd kyrkje	10.00	Gudstjeneste: Takkoffer	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Vats kyrkje	10.00	Høytidsgudstjeneste: Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Bjøa kyrkje	10.00	Gudsteneste: Takkoffer: Hyrdingen	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste: Takkoffer	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Ølen kyrkje	11.30	Gudsteneste: Takkoffer: Hyrdingen	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Skjold kyrkje	11.30	Høytidsgudstjeneste: Takkoffer	Matt. 22,17-22
17.05.2021	Sandeid kyrkje	12.00	Gudsteneste: Takkoffer	Matt. 22,17-22

**Gudstenester i koronatid**

Av Kari Vik Stuhaug

Med styresmaktene si oppmjuking av regelverket i forhold til bruk av benker, håpar me no å få gjennomføra fleire gudstenester utover våren. Det inneber at det kan vera fleire samla når dei får tilvist ein fast plass. For å halde oversikt over dette vil det i stor grad vera behov for påmelding til gudstenester framover. Besøkande må så vera innstilt på at dei ikkje får setja seg kor dei vil, men får tildelt plass av ein kyrkjevert. Fordi det framleis er krav om to meters avstand i alle retningar til andre enn dei i same husstand ved allsong, vil det likevel ikkje vera mogeleg å samla så mange som 100 i dei fleste kyrkjene våre.

Endra retningslinjer, utsette konfirmasjonsgudstenester, og usikkerheit rundt 17.mai-feiring, gjer at det kan blir endringar i gudstjenestelista. På [www.vindafjord.kyrkjer.no](http://www.vindafjord.kyrkjer.no) skal det til ei kvar tid vera oppdatert informasjon for den næraste tida. Følg også med på plakatar og annonser. Og husk at du mange gonger vil måtta melde deg på til gudstenester!

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

**Bedehusa i Vats**

24.03	onsdag	19.00	Normisjon; Kårhus
31.03			påskeferie
02.04	fredag	19.00	Via Dolorosa; Kyrkja
07.04	onsdag	19.00	Lys over land; Øvre Vats
14.04	onsdag	19.00	Flymisjon; Blikrabygda
21.04	onsdag	19.00	Samemisjon; Kårhus
28.04	onsdag	19.00	Godt nytt; Øvre Vats
05.05	onsdag	19.00	NMS; Blikrabygda
12.05	onsdag	19.00	Indre Sjø; Kårhus
19.05	onsdag	19.00	Samemisjon; Øvre Vats
26.05	onsdag	19.00	NLM; Blikrabygda

**Vågen bedehus**

Kalenderen blir fortløpande oppdatert på:

[www.vaagenbedehus.no/kalender](http://www.vaagenbedehus.no/kalender)

Forsamlinga oppdaterer med informasjon om sine møte på Facebook og på appen Infoskjermen Go (kode "VBF")

03.03	onsdag	19.30	Bønnemøte
07.03	søndag	11.00	Søndagsskule
10.03	onsdag	19.30	Årsmøte for Vågen bedehusforsamling
13.03	lørdag	15.00	Basar Ølensvåg Kvinneforening IMS
14.03	søndag	19.30	Nattverdmøte
16.03	tisdag	17.30	Gutelag (1.–4. klasse), Stad: Bygdasenteret
16.03	tisdag	17.30	Jentelag (1.–4. klasse), Stad: Bedehuset
16.03	tisdag	19.15	Tweens (5.–7. klasse), Stad: Bedehuset
17.03	onsdag	19.30	Bønnemøte
21.03	søndag	11.00	Søndagsskule
24.03	onsdag	19.30	Bønnemøte
28.03	søndag	11.00	Søndagsmøte
31.03	torsdag	19.30	Bønnemøte
01.04	torsdag	19.30	Nattverdmøte
04.04	søndag	11.00	Høgtidsmøte
07.04	onsdag	19.30	Bønnemøte
09.04	fredag	19.30	Møte, Talar: Torgeir Skrunes
10.04	lørdag	19.30	Møte, Talar: Torgeir Skrunes
10.04	lørdag	22.00	Ungdomsmøte, Talar: Torgeir Skrunes
11.04	søndag	11.00	Søndagsmøte, Talar: Torgeir Skrunes
14.04	onsdag	19.30	Bønnemøte
18.04	søndag	11.00	Søndagsskule
21.04	onsdag	19.30	Bønnemøte
25.04	søndag	11.00	Søndagsmøte
28.04	onsdag	19.30	Bønnemøte
02.05	søndag	11.00	Søndagsskule
05.05	onsdag	19.30	Bønnemøte
09.05	søndag	11.00	Søndagsmøte
12.05	onsdag	19.30	Bønnemøte
16.05	søndag	11.00	Søndagsskule
19.05	onsdag	19.30	Bønnemøte
23.05	søndag	11.00	Søndagsmøte
26.05	onsdag	19.30	Bønnemøte
30.05	søndag	19.30	Nattverdmøte

**Årsmøte Arken**

Vats bedehus / soknehus  
måndag 22. mars kl. 19.00  
på Kårhus bedehus

**Innbjøa bedehus**

Mini Credo: 23/3  
Credo: Datoar blir kunngjort på nett/Facebook  
Bønnemøte kvar måndag kl. 18.30  
Bønnemøte kvar onsdag kl. 11.00

**Sandeid bedehus**

Måndag 26. april kl. 19.30  
Møte: Godt Nytt

**Kyrkjetunet i Ølen**

Pga. mykje usikkert som følge av korona, ber vi folk fylgja med på nettsida: [www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no) og Facebook-sida for kyrkjetunet, kunngjeringar i avisa og gjerne høyre med naboen for løypande informasjon.

**Egil Svartdahl til Ølen:**

**INFORMASJON**

Som meldt tidlegare i Hyrdingen nr. 5 i fjor kan Egil Svartdahl koma til Ølen, men smittesituasjonen har gjort at dette hittil ikkje har kunna la seg gjennomføra. Men me gir ikkje opp! I håp om at smittesituasjonen vil betra seg så vil me prøva å få til eit møte i Ølen med Egil Svartdahl Onsdag 20. Oktober 2021.

**Kurset**

**«Velkommen Hjem»**

prøver me å få til etter at Egil Svartdahl har vore her. Nærare informasjon vil koma når det nærmar seg.



**Andaktstelefonen**  
**380 91700**  
Åpent bele døgn!  
Ny andakt tirsdag og fredag  
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det... EIGENTLEG?**  
Eit menneske å snakke med når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
Kirkens SOS  
**22 40 00 40**  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 20. mai. Frist for levering av stoff er 23. april.**

# Synfaring på kyrkjene

Av Steinar Skartland

Fellesrådet for kyrkjene i Vindafjord har ansvar for dei 8 vakre kyrkjebygga som er godt fordelt i kommunen. Dei er kulturskattar som dei fleste har kjenslemessige forhold til. Men slike gamle og staselege bygg krev mykje vedlikehald og god oppfølging. I det daglege er dette kyrkjeverja sitt ansvar som dagleg leiar, underordna Fellesrådet. Dei brukar å gjennomføre synfaring på alle bygg og kyrkjegardar i starten av kvar 4-årsperiode for rådet. Så er det dei som skal vedta budsjettet og prioriteringane.

Gjennom fleire år har fellesrådet fått ekstra tilskott frå kommunen til oppgradering av bygga, 1 million i året. I siste budsjett er dette på 300 000 kroner. Difor har ein klart å få retta opp mange utfordringar med bygga og tilpassa dei dagens krav. Her kan nemnast etterisolering, utskifting av elektriske anlegg, toalett og inngang tilpassa rullestol mm. Siste bygget med store investeringar utvendes er Bjoa kyrkje. Synfaringa resulterte i ein rapport som Fellesråd og kyrkjeverje legg til grunn for planane framover. Av det som er peika på er m.a.:

**Bjoa kyrkje:** Skifte av bordkledning, etterisolering og restaurering av blyglasa (pågåar).

**Ølen kyrkje:** Hovuddør, grusgangar, innvendig vedlikehald og universell tilpassing av altarpriet.



Fellesrådet på synfaring i Imsland: Åse Vigdis Rønnevik, Johan Georg Vestbø, Kari Vik Stuhaug, Jostein Torsteinsbø, Harald Helberg, Arne Tveit, Inghart Lasse Tveit, Øyvind Haraldseid (kommunen sin representant, Steinar Skartland, er bak kameraet).

**Imsland kyrkje:** Ei vakker trekyrkje der orgelet er rekna for å vera det beste i kommunen. Lydanlegget treng utskifting og ein treng utviding av kyrkjegarden og p-plassar, tilsyn med vindaugo og deksel over varmeomnane.

**Vikedal kyrkje:** Orgelet er svært dårleg. Sakkunnige tilrår å oppgradera det gamle orgelet. Lydanlegget treng å skiftast. Samtlege vindaug mot sør treng utbetringar.

**Sandeid kyrkje:** Kyrkja er i god stand, men orgelet treng å skiftast ut. Det vert vurdert eit brukt, restaurert orgel.

**Vats kyrkje:** Her er jobba med planar for tilbygg til toalett og universelt tilpassa kor og alterring.

**Vikebygd kyrkje:** Her trengst nytt teppe / løpar i midtgangen, meir i tråd med det opphavelege. Det er planar for videokanon. Finansiert med lokale fondsmidlar. Det er også observert skadar på treverket, gjort av hakke-spettar.

**Skjold kyrkje:** Større bygningsmessig vedlikehald er nett gjort. Neste prosjekt her er lydanlegg for m.a. konsertbruk, noko soknerådet vil skaffa midlar til.




Soknepresten orienterer om Bjoa kyrkje



Imsland kyrkje

## Boka «De som så ham» av Jostein Ørum



– Denne påskeboka har eg personleg hatt glede av kvart år, sidan eg kjøpte boka i 2015. Då kom den ut på Verbum Forlag, og boka er enno i sal, fortel Ingrid M. Sørvåg.

Jostein Ørum følgjer Lukasevangeliet si framstilling av påskforteljinga. Her finn han førti menneske som såg Jesus, frå han kom ridande inn i Jerusalem, til han blir overgitt, gjennom den lange fredagen og til sundag morgon då fleire fortalde at dei såg han igjen.

Me møter han som henta eit esel, han som eigde eselet, forbrytaren Barrabas, Maria Magdalena og Pontius Pilatus.

Nokon sto nært, nokon sto på avstand. Nokre var sinte, nokon var glade. Nokon berre såg på. Dette er ei bok om dei førti menneska. Men aller mest er det ei bok om han dei såg.

Kjelde: boka og nettsida [verbum.no](http://verbum.no)